



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57643129
fmsfpost@fylkesmannen.no
www.fmsf.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stolsheimen

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Pb 5091
0301 OSLO

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2017/3338-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 01.10.2018

Nasjonal ramme for vindkraft på land, analyseområde nr. 18 - innspel frå rådgjevande utval for Stølsheimen landskapsvernområde

NVE ynskjer faglege innspel til arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft på land. Rådgjevande utval (RU) for Stølsheimen ynskjer å koma med innspel til arbeidet. RU meiner verknad på randsona rundt Stølsheimen må vektleggjast i vurdering av om området er aktuelt for vindkraftutbygging. Verneområde er ikkje aktuelle område for vindkraft, og då er det naturleg å vurdere kva verknad vindkraft i grensa til verneområde vil få på verneverdiane inne i verneområdet jf. naturmangfaldlova § 49 (*utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde*). *Føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske (verneforskrifta punkt III).*

Det vart gjennomført [brukarundersøking i Stølsheimen](#) sommaren 2017. Undersøkinga vart gjennomført for å få betre kunnskapsgrunnlag til arbeidet med besøksstrategi for Stølsheimen. I undersøkinga vart brukarane spurt om korleis dei opplever naturområdet og forvaltninga av området. Stor del av dei besøkjande i Stølsheimen er turgåarar med interesse for tradisjonelle aktivitetar som turar og hausting. Å oppleve spesiell natur, og område med godt tilrettelagte stiar og turisthytter, er oppgitt som viktigaste grunnane til å besøkja Stølsheimen. Ein stor del av dei besøkjande er busette i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette tyder på at Stølsheimen landskapsvernområde, med tilgrensande fjellområde, er eit populært turmål for folk busette i nærområdet og Bergen og omland.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi pr. e-post til:

Fylkesmannen i Hordaland	Pb. 7310	5020	Bergen
Stølsheimen verneområdestyre			
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger